



Arne Sigbjørn Haugland  
Listveitvegen 49  
5937 Bøvågen

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/5289 - 23/54976

Sakshandsamar:  
Svein Arne Vågane  
svein.arne.vagane@alver.kommune.no

Dato:  
29.06.2023

## **Otertjønnevegen 1 Tiltak som må vere gjennomført før vegen kan godkjennast gbnr. 424/3 m. fl. og gbnr. 425/1 m.fl.**

Måndag 26.06.2023 vart det gjennomført synfaring med tanke på ferdiggodkjenning av Otertjønnevegen 1 på Haugland.

Til stades på synfaringa var Statsforvaltaren v/Torkel Hofseth, vegplanleggjar Nils Kaalaas og Alver kommune v/Svein Arne Vågane. Representantar frå veglaget hadde ikkje høve til å møte.

Veganlegget er godt utført, men det er nokre små tilhøve som må utbetrast slik det går fram nedanfor.

Vi starta lengst i frå fylkesvegen der Otertjønnevegen 1 tek til. Startpunktet er 0 m og tal meter er rekna frå dette punktet (punkt 0) og i retning fylkesvegen.

Fylgjande må utbetrast før vegen kan sluttgodskjennast.

146 m her er det to svingar som har for lita breidde til å tilfredstille vegklassen. Kurvane må utbetrast og det kan gjerast på motsett side enn der fjellet er.

151 m Stikkrenne må ha d400mm.

210 m Utvide kurve – sjå 146m.

151 – 240m Grøftereinsk/utviding av grøftene.

220 Stikkrenne må etablerast.

357 m stikkrenne må etablerast og her må det det gravast grøft vidare austover.

357 – 490m grøftereinsk må gjennomførast (her må ein sprengje fjell nokre stadar)

Vegen sluttar på 747 m ved fylkesvegen.

Manglane det her er tale om må vere gjennomført før vegen kan sluttgodkjennast. Dette til orientering.

Med venleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

Svein Arne Vågane  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Arne Sigbjørn Haugland

Listveitvegen 49

5937

Bøvågen